



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/76703-6

Dykkar referanse:
17/338 – 17/19090

Vår dato:
08.11.2017

Innspel til rullering av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune

Vi viser til varsel om oppstart av rullering av deltema i kommuneplanens arealdel, og høyring av planprogram for arbeidet.

Formannskapet i Meland kommune har vedteke å rullere følgjande tema:

- Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt areal for djupvasskai
- Areal for gjenbruksmassar (div. typar jord og stein) i kommunen
- Reiselivsrelatert næringsutvikling, t.d. Meland golf
- Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug–Dalstø
- Sambandet vest AS sitt val av vegløyser over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

Statens vegvesens rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Om fv. 564 Rosslandsvegen

Det er starta planarbeid for utbetring av fylkesveg 564 Rosslandsvegen, på strekninga Fløksand–Vikebø. Dagens veg toler ikkje auka belastning forbi Fløksand/Leiro. Statens vegvesen ber difor om at dette vert lagt som ein premis i arbeidet med rulleringen av kommuneplanen, ved at ein ikkje opnar for tiltak som fører til vesentleg auka trafikk før vegen er utbetra.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Om havbruksrelatert næring

Statens vegvesen ber om at ein i planarbeidet vurderer transportbehovet over land i samband med den havbruksrelaterte næringa. Ein må ta høgde for at all næringsaktivitet medfører transport over land, og avkøyrslar og tilkomstveggar må vere dimensjonert for denne bruken.

Areal for gjenbruksmassar

Statens vegvesen er positiv til at Meland kommune vil kartleggje eigna areal for handtering av overskotsmassar. Som kjent er det fleire byggjeprojekt i Nordhordlandspakken som ligg i Meland kommune, og plassering av massar lokalt vil ha høg nytteverdi.

Samstundes er Statens vegvesen oppteken av trygg tilkomst til deponiområda, og ber om at dette vert vurdert i planarbeidet.

Reiselivsrelatert næring

Statens vegvesen ber om at transportbehovet vert kartlagt ved vurdering av områder for reiselivsrelatert næring. Trygg tilkomst til områda må vurderast i planprosessen.

Når det gjeld vidareutvikling av området rundt Meland golf og andre områder nord på Holsnøy, vil vi igjen peike på at fylkesveg 564 ikkje toler auka bruk slik den ligg i dag. Tilkomst til området må vere tema konsekvensutgreiinga og i ei eventuell ROS-analyse. Statens vegvesen ber om rekkjefølgekrav, slik at området ikkje kan utviklast før vegen er utbetra. Det kan og bli trong for ny tilkopling mellom kommunal veg Beitingsvegen og fylkesveg 564.

Ny barneskule Frekhaug–Dalstø

Statens vegvesen legg vekt på trygge skulevegar, og at det vert attraktivt for born og unge å gå og sykle til skulen. Vi vil oppmode Meland kommune til å legge til rette for ei «hjarteson» rundt den nye skulen, der biler ikkje kan køyre. Det er då viktig å skape gode stoppe- og hentesteder utanfor denne sonen. Vi ber om at dette vert vektlagt ved val av skuletomt.

Sambandet vest

Arbeidet med Sambandet vest er initiert av næringslivet og dei involverte kommunane. Sambandet vest AS har fått utarbeidd eit forprosjekt med anbefalt korridor. Statens vegvesen ser det som føremålstenleg at denne korridoren vert synleggjort i kommuneplanen. Endeleg trase må etter vårt syn fastsettast gjennom kommunedelplan med konsekvensutgreiing (KU).

Gjennomføring av prosjektet vil endre transportmønster i kommunane, og vil medføre auka bruk av fleire eksisterande fylkesvegar. Nokre av desse vegane har låg standard, og vil ha trong for opprusting for å tole trafikkveksten. Dette må vurderast som ein del av Sambandet vest-prosjektet.

Prosjektet er ikkje nemnd i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028, vedteken i fylkestinget juni 2017. Det er difor høgst usikkert når og om prosjektet vert bygd.

Parkering ved turområder og rasteplasser

Statens vegvesen er positiv til at det vert vurdert trong for parkering ved populære utfartsmål. Dette kan bidra til auka tryggleik på og langs vegnettet, ved at man unngår ureglementert parkering.

Statens vegvesen ønskjer lukke til med planarbeidet, og er open for dialog om tema som rører ved våre fagområder.

Statens vegvesen Region vest
Plan og forvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN